

Vårsesongen 2020:

Løypene heng ute onsdag t.o.m. søndag. Inga tidtaking grunna korona. Ingen startavgift for løpa fram til sommarferien.

Orientering – er for alle! Orientering er å bruka kart og kompass til å planlegga og finna vegen frå post til post i terreng eller byområde. Orienteringsløp (O-løp) er delt inn i ulike klassar frå nybyrjar til røynde. På Voss legg me vekt på å gi eit tilbod til dei som likar å vere ute, og som synst det er ekstra spanande når postar er målet.

Orienteringsgruppa (O-gruppa) i Voss IL arrangerer løp mellom anna i Bømoen, Prestegardsmoen/Haugamoen, Storåsen, Potten, Lemmesmarki, Kvålsåsen og Hanguren. Frå april til midt i oktober er det stor aktivitet i O-gruppa. Sjå terminlista for dato og stad. Meir info om O-gruppa og aktiviteten vår ligg på heimesida. Løpa vert annonsert på Facebook og i lysingar i "Hordaland".

O-løp og O-treningar har klassar og løyper for alle aldersgrupper og nivå, og er opne for alle som har lyst å prøva orientering og for dei som er meir røynde. Det er:

- Inga førehandspåmelding.
- Fri start mellom kl. 18 – 19.
- Opplæring på staden for dei som ynskjer det.

O-løp har tidtaking og resultatlista; og det blir normalt laga til desse løypene:

- Nybyrjarløypa er lettast. Ca. 1 – 2 km i luftlinje. Løypa har greie leielinjer.
- Kortløypa er ca. 2 km. Høver for røynde born/unge og vaksne nybyrjarar.
- Mellomløypa (B-nivå) er ca. 3 km
- Langløypa (A-nivå) er ca. 4 km.
- På sprintløp er det kortare løyper.

O-trening kan vera noko annleis oppbygd enn tradisjonelle O-løp; med til dømes karthugs, O-bingo, orientering langs terrengliner, ordinær løypetrening, m.m. Dette for å trene og heve O-kunnskapen til medlemmene.

Utstyr. Orientering krev lite utstyr; men det er fordel med stødige sko, lang bukse og overdel. Kompass er lurt å ha, men ein må ikkje ha kjennskap til bruk av kompass. Deltek du ofte på løp, kan det vera greitt med eiga tidtakar-brikke og gjerne ei O-drakt, som er lett, trekk til seg lite vatn og tørkar fort.

Startavgift.

Betalast til konto 3480 11 86892 eller Vipps #104698 Voss Idrottslag Orientering.

For haustsesongen 2020: Born kr 100, vaksne kr 250, familie kr 400.

Dersom ein ikkje betaler startavgift for heile sesongen, betaler ein for enkeltløp/trening:

O-løp: Vaksne kr 60, born t.o.m 16 år kr 30. O-trening: Vaksne kr 30, born t.o.m. 16 år kr 20.

Leige av tidtakarbrikke (EKT-brikke) kr 20.- pr. gong (gjeld 17 år og eldre).

Medlemskontingent til Voss IL kjem i tillegg og dekker medlemskap i alle grupper i Voss IL.

Premiar. O-løp: Premie for alle barn t.o.m. 12 år. Trekkepremiar for ungdom mellom 13-20 år. Sesongpremie: Born som har delteke på minst 5 løp/arrangement og vaksne med minst 8 løp/arrangement.

Tur-orientering (Tur-O) har postar som er lette å finna og er i år fordelt på karta Ukvitne, Fenne, Slettafjellet/Horgaletten. Kart og info kan kjøpast hjå Endeve Sport i Vangsgt, Sport1 Amfi, på turistkontoret eller på nett www.turorientering.no

Stolpejakta er eit familievennleg lågterskeltilbod som tek sikte på å aktivisera både unge og eldre uavhengig av funksjonsnivå. Stolpejakta går ut på å finna og registrera stolpar som er sentralt plassert ved hjelp av kart på papir/mobilen. På Voss er det stolpejakt i Prestegardsmoen, Bømoen, Haugamoen og Hanguren (totalt 50 stolpar). Last ned stolpejakt-appen og register deg. Sjå meir info på www.stolpejakten.no

Noko du lurar på? Ta kontakt!

O-gruppa på nett: <http://orientering.vossil.no/>

E-post til gruppa: ogruppa.voss@gmail.com

O-gruppa på Facebook: Voss IL, Orientering

Terminliste for O-gruppa Voss 2020	
Dag/dato	Merknad
Tors 23/4	Bømoen, parkering v/ Fallskjermklubben
Tors 30/4	Bømoen, Gamle pistolbanen
Tors 7/5	Prestegardsmoen, Bergslitræet
Tors 14/5	Bømoen, austre del
Tors 21/5	Storåsen/Håmyrane (tilkomst: forbi Fjosegardane)
Tors 28/5	Lemme, bommen Todalen
Tors 4/6	Ukvitne
Tors 11/6	Bømoen, klubbhuset
Tors 18/6	Kvålsåsen
Tors 13/8	Bømoen, Vannverket
Tors 20/8	Hanguren, parkering Tråstølen
Sø 23/8	Lemmesmarki, Fjosestølen
Tors 27/8	Lemmesmarki, Fjosestølen (løpet vert basert på fjelløpet helga før)
Tors 3/9	Jonsstølen (bomveg frå Ospeshaugen, Raundalen)
Tors 10/9	Prestegardsmoen
Tors 17/9	Bømoen, austre del – Finn-fram-dagen
Tors 24/9	Bømoen
Tors 1/10	Bømoen
Lø 17/10	Bømoen – Viljar sitt klubbhus. Haustavslutning